



Wenche Kvalvåg Sæue Alvær
Espelandsvegen 224
5258 BLOMSTERDALEN

Referanser:
Dykker:
Vår: 19/1079 - 19/14726

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
15.05.2019

Avvist søknad om tilbygg til naust - gbnr 85/12 Kvalvåg

Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 02.04.2019
Saka gjeld søknad om dispensasjon og søknad om oppføring av tilbygg til naust.

Vurdering

Etter ein gjennomgang av den innsende søknaden og dokumentasjonen i saka, har kommunen funne grunnlag for å vurdere om tiltakshavar har dei nødvendige private rettane som søknaden krev.

Det følgjer av plan- og bygningslova (tbl.) § 21-6 at "*med mindre annet følger av loven her, skal bygningsmyndighetene ikke ta stilling til privatrettslige forhold ved behandling av byggesøknader. Dersom det fremstår som åpenbart for bygningsmyndighetene at tiltakshaver ikke har de privatrettslige rettigheter søknaden forutsetter, skal søknaden avvises.*"

Vilkåret for å kunne avvise ein søknad er at det må gå fram som klart at tiltakshavar ikkje har dei privatrettslege rettane som søknaden krev. I vilkåret er det sett krav om meir enn vanleg sannsynsovervekt. Om vilkåret er stetta vert basert på ei heilskapleg vurdering av forholda i saka.

Eksisterande naust som tilhøyrer gbnr 85/12, står på gbnr 85/5. All utviding av naustet vil komma på naboeigedommen, gbnr 85/5. Eigaren av gbnr 85/5 skriv i brev av 25.04.2019 til kommunen at han ikkje tillet bygging (utviding) av naust på sin eigedom.

På bakgrunn av dette meiner kommunen at det framstår som klart at tiltakshavar ikkje har dei privatrettslege rettane som søknaden krev.

VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-6 vert søknad om oppføring av tilbygg til naust avvist.
Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.**

**Det vert presisert at dette vedtaket ikkje er ei avgjerd av det privatrettslege høve.
Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden.**

Dersom du søker på nytt må du legga ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement. .

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Merknad vedk søknad om utvidelse av naust
Avvist søknad om tilbygg til naust - gbnr 8512 Kvalvåg

Kopi til:

Franch Andersen	Kvalvågnesvegen 423	5956	HUNDVIN
-----------------	------------------------	------	---------

Mottakarar:

Wenche Kvalvåg Saue Alvær	Espelandsvegen 224	5258	BLOMSTERDALEN
---------------------------	-----------------------	------	---------------